

LARS O. EIKREM

- gardbrukar, oppfinnar og industribyggjar

Av Jon N. Eikrem - Eikrem tekst & historie



Lars O. Eikrem og kona Anne
med borna Gjertrud, Ida og Mildri

Lars Olson Eikrem vart fødd i «Bortistuå» i Halten på Eikrem den 6. september 1857. Mora, Gjertrud Fredriksdotter, var jordtaus på garden. Faren, Ola Larsson Talset, kom frå Talset i Nesset. Lars hadde ein eldre bror, Fredrik, som døydde ung, og ein yngre bror, Ola, som utvandra til USA og dreiv som handelsmann der.

Men så gikk det ikkje likare til enn at Ola Larsson Talset drukna ved kollsegling på Freifjorden den 3. april 1860, før siste ungen vart fødd. Ola Larsson var da berre 33 år gamal. Ved skiftet etter mannen, avslutta den 31. desember 1862, vart bruket lagt ut til enkja Gjertrud Fredriksdotter, som sat med heimelen til sonen Lars tok over.

Lars O. Eikrem var ein av dei mest iderike og tiltaksame karane som Straumsnesbygda har fostra. Full av nye tankar og planer – som oftast langt føre si tid. Men lagnaden fór hardt fram mot Lars og familien hans. Sjølv døydde Lars O. Eikrem i USA i 1913, berre 56 år gamal.